

Infoskriv

Til: Omsetningskonsesjonærer med inntektsramme

Frå: Seksjon for økonomisk regulering

Ansvarlig: Tore Langset

Dato:

Vår ref.:

Arkiv:

Kopi:

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no

Internett: www.nve.no

Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA

Bankkonto:
7694 05 08971

Infoskriv ETØ-1/2017 Om utrekning av inntektsrammer og kostnadsnorm for 2016

I dette infoskrivet viser vi kort korleis inntektsramma vert utrekna for 2016. Fleire endringar er gjort sidan inntektsramma for 2015. Desse endringane er skrivne om i NVE si oppsummering av høyringane – NVE-rapport 110/2015 og 111/2015. Kva føresetnadar og utrekningar som ligg til grunn for referanserenta, kraftpris og KPI står til slutt i skrevet.

Om utrekninga av inntektsrammene

Nettselskapa sine årlege inntektsrammer vert fastsett etter forskrift av 11.3.1999 nr. 302 om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettverksemda og tariffar (forskrift om kontroll av nettverksemd). Av denne følgjer det at inntektsramma skal utreknast etter følgjande formel:

$$IR_t = 0,4K_t + 0,6K_t^*$$

IR_t er inntektsramme i år t. K_t er kostnadsgrunnlaget for det enkelte nettselskap. K_t^* er kostnadsnorm for selskapet, og er eit resultat av samanliknande analysar av selskapa basert på data frå år t-2, og som inkluderer KILE-kostnadar.

Formelen for kostnadsgrunnlaget, K_t , i formelen over, ser slik ut:

$$K_t = DV_t \times \frac{KPI - lønn_t}{KPI - lønn_{t-2}} + KILE_t \times \frac{KPI_t}{KPI_{t-2}} + NT_{t-2} \times P_t + AVS_{t-2} + AKG_{t-2} \times r_{NVE}$$

DV står for drift- og vedlikehaldskostnadar, og er inklusive utbetalingar til kundar ved svært langvarige avbrot og individuelle KILE-avtaler. $KILE$ gjeld ordinær KILE med unntak av individuelle KILE-avtaler. KPI står for konsumprisindeksen. DV er justert for KPI-løn¹, medan $KILE$ er justert for ordinær KPI². NT er overføringstap (i MWh), og P er referansepris på kraft. AVS står for avskrivningar, AKG er avkastingsgrunnlag (inkludert 1 % for arbeidskapital) og r er referanserenta.

Inflasjonsjusterte pensjonskostnadar inngår som eit gjennomsnitt for perioden 2010-2014 i kostnadsgrunnlaget for 2016 på følgjande måte: for kvart år i perioden 2010-2013 inngår eit gjennomsnitt av åra 2007-2013 (dvs. at alle dei fire åra er like i gjennomsnittsutrekninga sett vekk frå

¹ Tabell 03363, ssb.no

² Tabell 03014, ssb.no

inflasjonsjusteringa). 2014 er dermed det einaste året som gjer at gjennomsnittet avviker frå snittet for 2007-2013.

På NVE sine nettsider finn du òg eit eige notat med rettleiing til korleis selskapa si økonomiske og tekniske rapportering i eRapp vert nytta i kostnadsgrunnlaget og kostnadsnorma. Der viser vi mellom anna kva postar i eRapp dei ulike elementa i kostnadsgrunnlaget kjem frå.

Om utrekninga av kostnadsnorma, K*

Kostnadsnormene vert rekna ut i to trinn: eit trinn som nyttar DEA og eit trinn som nyttar regresjonsanalyse. I DEA vert forholdet mellom nettselskapa sine oppgåver og kostnadar for 2014 målt mot gjennomsnittlege kostnadar og oppgåver for perioden 2010-2014. Dei totale kostnadane er summen av DV, KILE, avskrivningar, nettap og avkasting på bokført kapital. Vi reknar ut nettapskostnaden ved å multiplisere det fysiske nettapet med eit volumvekta gjennomsnitt av systemprisen på Nord Pool Spot AS for 2014. Vidare ligg NVE-renta for 2014 til grunn for avkastinga på bokført kapital.

Meirkostnadane for nettselskapa som er pålagt ansvar for kraftsystemutreiingar eller KDS vert haldne utanfor kostnadane i DEA. I tillegg vert nettapskostnadane haldne utanfor DEA i regionalnettsanalysane. I distribusjonsnett vert det rekna ut ein normkostnad for anlegg i grensesnittet opp mot regionalnettet, og denne trekkjast frå kostnadane som vert inkludert i DEA. Normkostnaden er rekna ut med utgangspunkt i det oppdaterte vektsystemet. Det er den vekta verdien som vert trekt frå selskapets totalkostnad, noko som leidar til at prisen per eining grensesnitt er lik 1. Denne behandlinga av anlegg i grensesnitt er ny frå og med inntektsrammer for 2016.

Om trinn 2

DEA-analysane vert korrigert for ulike typar rammevilkår i trinn 2. Eit selskap vil få ei justering av sitt DEA-resultat om selskapet har andre rammevilkår enn sitt mønsterselskap. Om selskapet har lettare rammevilkår enn mønsterselskapet, vil vi justere DEA-resultatet ned, og motsett. Parametrane i korrigeringa er eit resultat av regresjonsanalyse, og resultatata frå desse er vist seinare i skrevet. Tabell 1 og 2 gjer ein oversikt over oppgåver og rammevilkår som inngår i kostnadsnormmodellen for høvesvis distribusjonsnett og regional- og sentralnett.

Tabell 1. Kostnadsnormmodell for distribusjonsnett

<i>Trinn 1 – DEA- modell</i>	<i>Forkorting</i>
Sum kilometer høgspennnett	d_hs
Sum nettstasjonar	d_ns
Sum abonnement	d_ab
<i>Trinn 2 – regresjonar</i>	
Jordkabeldel	dr_hsjordand
Del av luftlinjer i barskog med høg og sær s høg bonitet	dr_s4
Geo 1: Helling, småkraft og del luftlinjer i lauvskog	dr_geo1
Geo 2: (Referansevind / kystavstand), sum øyer og del sjøkabel	dr_geo2
Geo 3: Snø, mørketid, islast og temperatur	dr_geo3

Tabell 2. Kostnadsnormmodell for regional- og sentralnett

<i>Trinn 1 – DEA- modell</i>	<i>Forkorting</i>
Vekta verdi luftlinjer inkl. merking av luftfartshinder	r_vluft
Vekta verdi jordkablar	r_vjord
Vekta verdi sjøkablar	r_vsjo
Vekta verdi grensesnitt: transformatorar, brytarar og kompenseringssanlegg	r_vgrs
<i>Trinn 2 – regresjonar</i>	
Geo 3R: Helling og skog med høg og sær høg bonitet	rr_geo3

Kontroll av endringar i nettvariablar

Årlege endringar i nettvariablane for distribusjonsnett (sum kilometer høgspenning, sum nettstasjonar og sum abonnement) vert kvart år kontrollert av NVE gjennom rekneskapskontrollen. Dersom prosentvise endringar frå eit år til eit anna overstig gitte terskelverdiar vil NVE undersøke forholdet nærmare. Viss endringane derimot er innanfor terskelverdiene vert ingen ytterligere undersøkingar føretakne.

Terskelverdiene er som følgjer for nettvariablar i distribusjonsnett: sum kilometer høgspenning -2 % til +3 %, sum nettstasjonar -1 % til +3 % og sum abonnement -1 % til +3 %. For nettvariablar i regionalnettet må endringane godkjennast av NVE i rapporteringsportalen TEK. Desse endringane kontrollerast før dei vert godkjente.

Faktoranalyse

NVE nyttar faktoranalyse for å finne dei samansette geografiindeksane i dei to modellane. Faktoranalyse er eit samleord for statistiske metodar som analyserar samvariasjon mellom variablar. Slike analysar vert blant anna brukt for å redusere lineært korrelerte variablar. Vi har nytta principal component analysis (PCA), der det vert utleidd ein faktor som utnyttar variasjonen i dei underliggjande enkeltvariablane. Tabell 3 viser koeffisientane som variablane er vektasaman med i kvar geografiindeks.

Tabell 3. Oversikt over samansetjing av geografiindeksane

Geo1 «Fjellbekk»	Koeffisient
Helling, dr_he1	0,167
Lauvskog, dr_s7	6,495
Småkraft, dr_skysz	1171,993
Konstant	-2,605
Geo2 «Øyvind»	Koeffisient
Vind dividert med avstand til kyst, dr_vr2_k2lukk	0,848
Sum øyer, dr_aeoy1sz	3760,412
Del sjøkabel, dr_hssjoand	12,265
Konstant	-0,653
Geo3 «Frost»	Koeffisient

Gjennomsnittleg nedbør som snø, dr_snog	0,004
Mørketid, breddegrad >= 65,9 , dr_brgrad_gjsn	0,399
Gjennomsnittleg islast, dr_is_gjsn	0,018
Gjennomsnittleg årsmiddeltemperatur (negativ), dr_tempneg	0,256
Konstant	-27,307

Geo3R «HelSkog»	Koeffisient
Samla skog , rr_s12	4,682
Helling , rr_he1	0,191
Konstant	-3,350

Trinn 2 koeffisientar

I utrekninga av trinn 2 koeffisientane er det gjort ei endring frå tidligare år ved at selskap som kan karakteriserast som utliggjar ikkje er med i trinn 2-regresjonen. I tabell 4 og tabell 5 vises resultatata frå regresjonsanalysane i trinn 2.

Tabell 4. Resultat frå trinn 2-modell for distribusjonsnett

```
. regress d_score_bs100 dm_dr_hsjordand dm_dr_s4 dm_dr_Geo1 dm_dr_Geo2 dm_dr_Geo3 ///
> if aar==curr_aar-1 & d_til2trinn==1 & dr_out==0
```

Source	SS	df	MS	Number of obs =	118
Model	.714585175	5	.142917035	F(5, 112) =	17.30
Residual	.92548043	112	.008263218	Prob > F =	0.0000
Total	1.6400656	117	.014017655	R-squared =	0.4357
				Adj R-squared =	0.4105
				Root MSE =	.0909

d_score_bs100	Coef.	Std. Err.	t	P> t	[95% Conf. Interval]
dm_dr_hsjordand	-.2754768	.0723345	-3.81	0.000	-.4187983 -.1321553
dm_dr_s4	-.366873	.1030733	-3.56	0.001	-.5710995 -.1626466
dm_dr_Geo1	-.0326664	.0061847	-5.28	0.000	-.0449206 -.0204122
dm_dr_Geo2	-.0522791	.0082971	-6.30	0.000	-.0687188 -.0358394
dm_dr_Geo3	-.0114193	.00692	-1.65	0.102	-.0251303 .0022918
_cons	.7756694	.0133665	58.03	0.000	.7491853 .8021535

For nokre selskap har rammevilkårsvariablane vorte oppdaterte som fylgje av oppdatert informasjon om nettanlegg. I modellen for distribusjonsnett er rammevilkårsvariabelen Geo3 «Frost» ny frå og med inntektsrammeberekninga for 2016. Denne er beskrive i NVE sitt høringsdokument 8/2015.

Tabell 5. Resultat frå trinn 2-modell for regionalnett

. regress r_score_bs100 dm_rr_Geo3 if r_til2trinn==1 & aar==curr_aar-1 & rr_out==0

Source	SS	df	MS	Number of obs =	37
Model	.234144294	1	.234144294	F(1, 35) =	11.47
Residual	.71473005	35	.020420859	Prob > F =	0.0018
				R-squared =	0.2468
				Adj R-squared =	0.2252
Total	.948874344	36	.026357621	Root MSE =	.1429

r_score_~100	Coef.	Std. Err.	t	P> t	[95% Conf. Interval]
dm_rr_Geo3	-.0709081	.0209407	-3.39	0.002	-.11342 -.0283962
_cons	.7341381	.02438	30.11	0.000	.684644 .7836322

NVE har oppdatert utrekninga som ligg til grunn både for geografiindeksane og for trinn 2 regresjonane i forkant av vedtaka for 2016. NVE grunngrer dette med at faktorane og koeffisientane i trinn 2 på lik linje med DEA-resultata vil kunne påverkast ved endringar i grunnlagsdata. For faktoranalysen består grunnlagsdata hovudsakleg av geografiske data, men data på småkraft og kabeldelar inngår òg i rammevilkårsvariablane.

Oppdatert vekstsystem i regionalnettet

Frå og med 2016 implementerast det eit nytt vekstsystem i regionalnetta si utrekning av kostnadsnorma. Det er berekna eit komplett sett av nye vektorer for luftlinjer, jordkablur, sjøkablur og stasjonar. Dei største endringane er knytt til ein ny stasjonsvariabel som nå inneheld eit eige element for infrastruktur og bygg, samt eit tillegg for meirkostnader knytt til driftskontroll.

Merking av luftfartshinder

I regionalnettsmodellen korrigerast det for luftfartshinder. Som fylgje av det nye vekstsystemet er òg vektene for merking av lufthinder oppdatert til 2014-kroner. Det er ikkje føreteke andre justeringar. Enkelte selskap kan ha fått endra sine vekta verdiar på grunn av oppdatert informasjon om nettanlegg.

Kriterium for DEA-analysane

NVE nyttar i hovudsak to typar særbehandling: å halde nettselskap utanfor evaluering i DEA eller å evaluere selskapet i eigen modell. I tillegg er det nokre selskap som vert evaluert i DEA i regionalnettsanalysane, men som ikkje får definere fronten for andre selskap.

Selskap som ikkje vert evaluert i DEA

Selskap med 0 i definert oppgåvemengde eller selskap med store endringar i data frå år til år vert haldt utanfor evaluering i DEA. For 2016 gjeld dette totalt 7 selskap.

Selskap som vert evaluert i eigen modell

Selskap med færre enn 500 abonnementet eller mindre enn 100 km høgspennnett i distribusjonsnettet, og selskap med mindre total oppgåve enn 4 000 eller har 0 km luftlinjer i regionalnettet, vert evaluert i ein alternativ kostnadsnormmodell. Desse selskapa vert målt mot sitt eige historiske gjennomsnitt. Totalt 31 selskap vert evaluert med denne modellen i 2016.

Selskap som ikkje får definere front i DEA-modellen i regionalnett

Selskap som får definere fronten i regionalnettsmodellen må ha ein totalkostnad (basert på femårig gjennomsnitt) til DEA på minimum 15 millionar kroner. Selskap som ville ha vorte frontelskap utan dette kriteriet vert teke ut og evaluert i ein separat DEA-modell slik at selskapet ikkje påverkar andre selskap sitt DEA-resultat.

Selskap med ein gjennomsnittleg totalkostnad på under 7 millionar kroner og som ikkje vert frontelskap vert inkludert i den ordinære DEA-modellen, men ikkje i trinn 2.

Selskap med ein gjennomsnittleg totalkostnad på mellom 7 og 15 millionar kroner og som ikkje vert frontelskap vert beholdne i den ordinære DEA-modellen og i trinn 2-regresjonen. Dette gjev eit breiare datagrunnlag og betre anslag på kva rammevilkåra viser.

Det er 14 selskap som ikkje får definere front eller inngå i trinn 2 i regionalnettsmodellen ved berekning av kostnadsnormer for 2016.

NVE har publisert ei Excel-bok på internett som viser kva selskap som vert evaluert på dei ulike måtane.

Re-kalibrering av avvik mellom faktisk kostnadsgrunnlag for 2014 og kostnadsgrunnlag frå vedtak 2014

Ved fastsettinga av inntektsrammene for 2014 vart det nytta KPI-justerte 2012-kostnader som eit anslag på forventa kostandar for 2014. På same måte som tidlegare vil difor inntektsramma for 2016 verte re-kalibrert for avviket mellom bransjen sine samla faktiske kostnader i 2014 og kostnadsgrunnlaget som vart nytta i vedtaket om inntektsrammer for 2014. Tillegg for AGA er lagt til i inntektsrammegrunnlaget for 2014.

Korrigeringa kjem to år forsinka er difor tillagt NVE-renta for 2014 og 2015.

Bransjen sitt faktiske kostnadsgrunnlag er lågare enn kostnadsgrunnlaget som låg til grunn for inntektsrammene for 2015.

Referanserente, referansepris på kraft, systempris til DEA og inflasjon

Referanserenta

Referanserenta for 2016

Rentemodellen ser slik ut:

$$r = (1 - G) \times \left[\frac{Rf + Infl + \beta_e \times MP}{1 - s} \right] + G \times (Swap + KP)$$

G: fast gjeldsdel fastsett til 60 prosent

Rf: fast nøytral realrente fastsett til 2,5 prosent

Infl: årleg justering for inflasjon berekna som gjennomsnittet av faktisk inflasjon dei to siste åra basert på KPI og anslag for inflasjon dei to neste åra. Alle tal publisert av SSB. Om berekna gjennomsnitt er negativt, vert det sett til null.

β_e : eigenkapitalbeta fastsett til 0,875

MP: fast marknadspremie fastsett til 5 prosent

Swap: årleg gjennomsnitt av 5-årig swaprente hos to av dei største bankane i Noreg

KP: årleg gjennomsnittleg bransjespesifikk kredittrisikopremie, som kjem frå spreaden mellom 5-årige kraftobligasjonar og 5-årige swaprenter berekna av to av dei største bankane i Noreg. Kraftobligasjonane skal høyre til kraftselskap med ein rating på minimum BBB+

s: skattesats lik gjeldande skattesats for nettselskap

Inflasjon vert fastsett med bakgrunn i eit gjennomsnitt av dei to siste åras faktiske inflasjon og anslag for de to neste åra. For 2016 vil det vere eit gjennomsnitt av åra 2015, 2016, 2017 og 2018. KPI for 2015 var på 2,1 % og på 3,6 % for 2016. SSB har anslege ein KPI for 2017 og 2018 på høvesvis 2,3 % og 2,1 %. Desse anslaga vart sist oppdatert november 2016. Høg inflasjon skyldast auka straumkostnadar og nettleie, samstundes som prisane på import har auka som fylgje av kronesvekkinga. Det forventast lågare inflasjon framover då kronesvekkinga gradvis vil få mindre betydning sett saman med ein låg lønnsvekst. Gjennomsnittleg inflasjon for åra 2015-2018 vert då 2,53 %.

Den femårige swaprenta har fluktuert noko, men totalt sett har den auka gjennom året. Gjennomsnittleg swaprente for 2016 er på 1,18 %.

Kredittrisikopremien har vorte noko redusert i løpet av året. Gjennomsnittleg kredittrisikopremie for 2016 er på 1 %.

Skattesatsen i referanserenta skal vere lik selskapsskatten fastsett i Stortingets årlege skattevedtak. I Statsbudsjett for 2016 vart det gjort framlegg om å endre denne satsen frå 27 til 25 prosent. Endringa vart ikkje vedteke før etter utsendinga av varsel om inntektsrammer for 2016, og det er derfor lagt til grunn ein presentsats på 27 for varsla referanserente for 2016. For endelig referanserente for 2016 bruker vi derimot 25 prosent ettersom denne satsen nå er vedteken.

Basert på dei utrekna storleikane får vi ei **referanserente for 2016 før skatt på 6,32 %**.

Referanserente for 2014 og 2015

Avviket mellom kostnadsgrunnlaget som ble lagt til grunn i vedtak om inntektsrammer for 2014 og dei faktiske kostnadane i 2014 vert tillagt renter for 2014 og 2015. Renta for 2014 var på 6,61 % og renta for 2015 var på 6,32 %.

Referansepris på kraft

Ut frå forskrift om kontroll av nettverksemd skal det som årlig referansepris på kraft nyttast ein volumvekta månadspris tillagt eit påslag på 11 NOK/MWh. Månadspris er gjennomsnittleg aktuell lokal områdepris for marknadsplasskonsesjonæren. Som grunnlag for vekt nyttast månedleg bruttoforbruk i alminneleg forsyning som tidlegare har vore inkludert i NVE sin korttidsstatistikk.

Dei månedlege gjennomsnittlege områdeprisane er henta frå Nord Pool Spot AS for dei fem gjeldande prisområda i Noreg. Den årlege referanseprisen på kraft i dei fem områda finn vi ved å ta gjennomsnittet av dei volumvekta månadsprisane og leggje til påslaget på 11 NOK/MWh. Kva pris som vert nytta for det enkelte selskap vert tydeleg ut frå vedtak om inntektsramme for 2016.

Tabell 6. Referansepris på kraft per prisområde for 2016

2016	Bruttoforbruk i alminneleg forsyning	Vekta forbruk	NO1	NO2	NO3	NO4	NO5
jan	11 776	0.12	291.37	248.3	271.81	267.83	248.72
feb	9 963	0.10	183.34	183.32	185.8	180.55	182.96
mars	9 393	0.10	201.95	201.95	203.83	197.47	201.85
apr	8 130	0.08	204.3	204.29	208.9	194.54	204.36
mai	6 539	0.07	210.2	210.2	218.95	208.16	210.1
juni	5 496	0.06	224.85	224.85	287.02	231.36	223.09
juli	5 271	0.06	219.39	219.39	275.96	242.14	208.14
aug	5 734	0.06	201.22	201.22	276.16	240.92	194.13
sep	5 957	0.06	218.37	214.46	260.48	229.74	194.86
okt	7 999	0.08	295.76	277.17	326.07	252.96	278.1
nov	9 622	0.10	360.85	333.47	382.77	290.19	343.38
des	9 841	0.10	297.81	278.35	291.48	252.27	279.67
Sum	95 721	1					
Volumvekta pris			248.7	236.85	265.6	233.45	235.69
Inkl. 11 NOK/MWh			259.7	247.85	276.6	244.45	246.69

Inflasjonsjustering

Konsumprisindeksen (KPI)

I vedtak om inntektsrammer for 2016 nyttar vi konsumprisindeks (KPI) for 2016 og 2014, KPI_{2016}/KPI_{2014} , for inflasjonsjustering av KILE (§ 9-2) og for norma knytt til grensesnittet i distribusjonsnett. Det er KPI totalindeks som nyttast.

- KPI for 2014: **136,9**
- KPI for 2015: **139,8**
- KPI for 2016: **144,8**

Dette gir ei **inflasjonsjustering på 5,8 %** frå 2014 til 2016 for KILE og for norma knytt til grensesnitt i distribusjonsnett.

Prisjustering av drift- og vedlikehaldskostnader (KPI-løn)

I vedtak om inntektsramme for 2016 nyttar vi prisindeksen «Andre tenester med arbeidsløn som dominerande prisleikning³» (vidare omtalt som KPI-lønn) for 2016 og 2014, $KPI\text{-løn}_{2016}/KPI\text{-løn}_{2014}$, for inflasjonsjustering av drift- og vedlikehaldskostnader (DV) samt utredningskostnader. NVE meiner SSB sin prognose på utvikling i årsløn⁴ er mest hensiktsmessig for å framskrive KPI-løn.

- KPI-lønn for 2014: **209,5**
- KPI-lønn for 2015: **215,7**
- KPI-lønn for 2016: **220,4**

Dette gir ei **inflasjonsjustering på 5,2 %** frå 2014 til 2016 for drift- og vedlikehaldstenester samt utredningskostnader.

Systemprisen for 2014

Nettapskostnaden for 2014 som inngår i dei samanliknande analysane (DEA) for distribusjonsnett er basert på systemprisen for kraft for 2014 slik den kjem fram hos Nord Pool Spot AS.

NVE har i dette varselet nytta månadlege systemprisar for 2014. Desse vert vekta med månadleg bruttoforbruk i alminneleg forsyning⁵, deretter vert den vekta gjennomsnittlege systemprisen for 2014 utledda.

³<https://www.ssb.no/statistikkbanken/SelectVarVal/Define.asp?MainTable=KPILevAar&KortNavnWeb=kpi&PLanguage=0&checked=true>

⁴ <http://www.ssb.no/nasjonaltregnskap-og-konjunkturer/artikler-og-publikasjoner/to-ars-oljedatur-kan-naerme-seg-slutten?tabell=286233>

⁵ <https://www.nve.no/Media/4924/tabell-5- oktober-2016.pdf>

Tabell 7. Systemprisen for 2017

2014	Elspot månadlege prisar	Bruttoforbruk i alminneleg forsyning	Vekta forbruk	Vekta pris
jan	282,05	10665	0,12	33,80
feb	253,25	8756	0,10	24,92
mars	221,87	8844	0,10	22,05
apr	210,68	7235	0,08	17,13
mai	214,77	6334	0,07	15,29
juni	206,93	5244	0,06	12,19
juli	239,36	4863	0,05	13,08
aug	264,91	5297	0,06	15,77
sep	285,73	5811	0,07	18,66
okt	253,67	7447	0,08	21,23
nov	253,67	8464	0,10	24,13
des	284,91	10027	0,11	32,10
Sum 2014		88987	1	
Vekta gjennomsnittleg systempris 2014				250,35
Systempris inkl. tillegg på 11 NOK				261,35

NVE vil dermed leggje til grunn ein systempris på kraft for 2014, tillagt eit påslag på 11 NOK, på **261,35 kr/MWh** i vedtak om inntektsrammer for 2016.